



# Norsk kvedarforum

SEMINAR

## Folkesongen, Stil og uttrykk

**Sundag 21. februar**

Musikkens hus, Trondheimsveien 2, Oslo

**Kl. 12.00-17.00**

Gratis - Ope for alle



Biermannsgården, Oslo

**Påmelding:**

E-post til: lfs@folkemusikk.no eller tlf: 22 00 56 20

**Arrangør:**

FolkOrg i samarbeid med Kvedarforum

### PROGRAM

- 12.00 Opning av seminaret  
12.10 Gunnlaug Lien Myhr: Om dommarskjemaet på kappleik  
Terminologien i skjemaet og retningslinene om bruken  
12.40 Debatt  
13.00 Kaffe  
13.15 Gunn Gausemel presenterer eksempel frå kappleiksopptak i NRK  
Gjennom lytting og samtale i grupper går vi inn på ordbruk og seiemåtar vi  
brukar om det vi høyrer.

Deretter drøftar vi mellom anna desse spørsmåla:

Klarer vi å uttrykkje med ord det vi høyrer ?

Treng vi å klargjera omgrep og uttrykk for å få ei felles forståing ?

Kva er det som er viktig og typisk i folkesongen ?

- 14.30 Mat  
15.00 Oppsummering av gruppearbeidet  
15.45 Kaffe  
16.00 Ingrid Gjertsen: **Ulike stiltrekk i folkesongen**  
16.30 Debatt  
17.00 Oppsummering. Avslutning

# Seminarserien

**Ein seminarserie** kjem i stand etter initiativ frå og med Folkemusikk og folkedansorganisasjonen i Noreg (FolkOrg) som hovudarrangør. Innspel og ordskiftet etter landskappleiken 2009 har aktualisert eit behov for å gå svært nøyne inn på kva vi meiner er "folkesong" og kva stiltrekk og uttrykk som skal tilleggjast vekt i dømming på kappleik. Seminaret 21. februar vert det fyrste av to seminar, særleg retta mot utøvarar, kappleiksrekruttar og dei som har vore / vil vera kappleiksdommarar, og elles alle interesserte.

**Seminar 1** skal ha fokus på stil, stilkjensle, dei ulike sjangrane og geografiske særtrekk og variasjonar og har som mål å klargjera korleis vi set ord på det vi framfører og kva som kjenneteiknar stil og uttrykk i kveding/folkesongen.

Gunnlaug Lien Myhr, utøvar og medlem i gruppa som utarbeidde dommarskjemaet, orienterer om terminologien i skjemaet og tankane om bruken, Gunn Gausemel, tilsett i folkemusikkavdelinga i NRK, presenterer døme frå kappleiksopptak for lytting og samtale, og Ingrid Gjertsen, leiar for Arne Bjørndalsamlinga, Universitetet i Bergen, har eit musikkfagleg innlegg om stil og uttrykk i folkesongen.

**Seminar 2** i mai/juni går direkte på folkesongen på kappleikarenaen og tek for seg formidlingssituasjonen, dømming, reglement og dommarskjemaet som arbeidsreiskap. (Program i K- posten 2-2010)

Spørsmålet om grenseoppgangen mellom det som er / ikkje er tradisjonell folkeleg dyrka song har vore emne for mange seminar, men er tilbakevendande og aktuelt for stadig nye grupper.

Det er derfor viktig at det på nytt er sett på dagsorden.

Norsk kvedarforum takkar FolkOrg for initiativet og vonar at særleg mange utøvarar er med på seminaret og bidreg til å klargjera det viktige spørsmålet om musikalske og kunstnarlege uttrykk i folkesongen vår.

Dette gjeld grenseoppgangen mellom det som er / ikkje er folkeleg dyrka song, og kjernekjøpet i den vanskelege og utfordrande oppgava for ein kappleiksdommar.

Spørsmålet er tilbakevendande og aktuelt for stadig nye deltakarar og derfor gledeleg og viktig at det nå på nytt sett på dagsorden.

**Vel møtt til eit viktig seminar !**